



Thomas Ask
Ikenberget 28
5911 ALVERSUND

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/8826 - 21/83574

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
09.12.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 137/573 Alver

Tiltak: forstøtningsmur
Byggjestad: Gbnr: 137/573
Tiltakshavar: Thomas Ask
Ansvarleg søkjar: Thomas Ask

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.10.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er sendt nabovarsel til kommune som eigar gbnr 137/351, men sidan tiltaket kjem 0 meter frå grense med friområde F2, skal det innhentes samtykke frå Eigedom avdelinga i Alver kommune, evt. kan det søkjast dispensasjon frå avstandskrav PBL §29-4.
2. Det er to naboar på gbnr 137/587 og 137/591 som må samtykke til tiltaket i eget skriv, sidan det kjem 0 meter frå grenser. Det er sendt inn kvittering av nabovarsel, men dessverre er det ikkje nok å krysse av på det, evt. kan det søkjast dispensasjon frå avstandskrav PBL §29-4.

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan 09.01.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Thomas Ask

lkenberget 28

5911

ALVERSUND